

Rettleiar for bacheloroppgåva ved fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)

Rettleiaren gjeld for studentar som startar arbeidet med si bacheloroppgåve frå januar 2022.

Bacheloroppgåva er eit sjølvstendig arbeid som studentane utfører under rettleiing i siste del av bachelorutdanninga. Bacheloroppgåva skal vere eit individuelt arbeid, eller eit samarbeidsprosjekt med inntil fire studentar, om ikkje anna er omtalt i emneplanen. Studenten har ansvar for å nå forventa læringsutbyte og for framdrift og utforming av oppgåva.

1. Mål med bacheloroppgåva

Bacheloroppgåva skal fokusere på eit spesifikt fagområde og ta utgangspunkt i ei fagleg relevant problemstilling knytt opp mot læringsutbytteskildringane for det aktuelle bacheloremnet. Studenten skal vise inngående kjennskap til faget, formidla gjennom eit valt tema/problemstilling knytt til profesjonsutøvinga.

Gjennom arbeidet med bacheloroppgåva må studenten dokumentere evna til å belyse ei problemstilling ved hjelp av sjølvstendig drøfting av litteratur og empiri knytt til temaet for oppgåva. Studenten skal finne og kritisk vurdere kvaliteten av kunnskapen og vurdere korleis kunnskapen kan brukast for å belyse problemstillinga.

Helse- og sosialfaga representerer ein brei, kompleks og samansett kunnskap, som både omhandlar teknologi og prosedyrar, men også etikk, relasjon, kommunikasjon og kontekst. Når fokuset er på menneske i sjukdom, krise, eller sårbare situasjonar, krev det ei tilnærming basert på varsemd og respekt.

2. Rettleiing

Oppnemning av rettleiar

Fagseksjonsleiaren ved bachelorutdanninga tildeler rettleiar.

Rettleingsavtalen skal fyllast ut av student og rettleiar i samband med første rettleiingstime.

Studenten får inntil fire timar rettleiing på oppgåva (gjeld både for individuell oppgåve og gruppeoppgåve). Rettleiinga kan vere individuell eller i gruppe/seminar. To av timane er obligatoriske (ein time til prosjektplan og ein time til sjølve oppgåva). Studentar som ikkje møter til dei obligatoriske rettleiingstimane får ikkje levere bacheloroppgåva.

Kven kan være rettleiar?

Rettleiaren skal som hovudregel vere tilsett ved instituttet. Rettleiaren har ansvaret for at prosjektet og rettleiinga er i tråd med HVL sitt regelverk. Rettleiaren skal ha minst lektorkompetanse.

3. Tema, problemstilling og prosjektbeskriving

Studenten skal velje eit tema og ei problemstilling som er relevant for fagområdet, og som er i tråd med emne- og læringsutbyttebeskrivinga for bacheloroppgåva. Temaet og problemstillinga blir utarbeida i samråd med rettleiaren.

Når det gjeld metodeval kan studentar gjerne delta i forskingsprosjekt ved HVL. Etter avtale med rettleiar kan studentar også gjere mindre, sjølvstendig empirisk forskning gjennom til dømes intervju eller spørjeskjemaundersøking, etter eit strengt fastsett reglement. For meir informasjon om, sjå emneplanen for bacheloroppgåva.

Prosjektbeskrivinga skal utgjere 1500 ord (eksklusiv referanseliste), vere tydeleg formulert og innehalde:

- Tittelen på bacheloroppgåva
- Problemstilling
- Bakgrunn som inneheld teoretisk perspektiv
- Metode
- Framdriftsplan
- Referanseliste

Prosjektbeskrivinga skal utarbeidast i tråd med Rettleiar for bacheloroppgåva ved FHS og skal godkjennast av rettleiar før arbeidet med oppgåva tar til. Den enkelte fagseksjon set fristen for når prosjektbeskrivinga må vere godkjent.

4. Form

Bacheloroppgåva skal ha eit omfang på inntil 8 000 ord (gjeld både for individuell oppgåve og gruppeoppgåve). Tittelside, innhaldsliste, samandrag, referanseliste og eventuelle vedlegg kjem i tillegg.

Bacheloroppgåva skal utformast systematisk, for eksempel etter IMRAD-struktur, og innehalde følgjande punkt:

- HVL si forside med tittel på oppgåva, utdanning/fagseksjon, kandidatnummer, dato for innlevering og tal på ord. Sjå [nettsida for heimeeksamen og oppgåveskriving](#) for meir informasjon.
- Eit samandrag på norsk/skandinavisk/engelsk jf. kap om språk
- Innhaldsliste med kapittelinnending og sidetalstilvising
- Siteringar og referanselista følgjer referansestilen til American Psychological Association (APA), siste versjon, sjå [Søk & skriv](#) for rettleiing i bruk av stilen. APA-stilen er nemnd i pkt 4 Form og pkt 7 Oppsett
- Som hovudregel bør ein unngå bruk av sekundærhenvisning. Dersom ein unntaksvis viser til ei kjelde ein ikkje sjølv har lest, skal dette komme klart fram i siteringa, sjå eksempel på sekundærhenvisning i [Søk & skriv](#)
- Figurar og tabellar skal setjast opp og omtalast i den fortløpande teksten, nummererast og ha forklarande tittel. Oversikt over figurar og tabellar skal førast på ei liste som skal plasserast etter innhaldslista
- Vedlegg skal nummererast og førast opp i innhaldsoversikta. Vedlegg som har fleire sider skal nummererast
- Oppgåva må følgje kriteria for den valde oppgåvetype

Språk i bacheloroppgåva

Bacheloroppgåver skal normalt skrivast på norsk, med eit samandrag på engelsk, jf. [Språkpolitiske retningslinjer ved HVL](#). Andre skandinaviske språk eller engelsk kan nyttast etter avtale med rettleiar, med mindre noko anna er fastsett i emneplanen.

5. Forskingsetikk

I skrivinga av bacheloroppgåva skal studentane følge nasjonale og internasjonale forskingsetiske prinsipp. jf. [Helsinkideklarasjonen](#), gjeldande lovverk og interne etiske retningslinjer ved HVL.

I prosjekt der menneske direkte inngår, må retten til integritet og vern mot innsyn i privatlivet ivaretakast.

- [Lov om personvern](#)
- [Retningslinjer for vern og utveksling av personopplysningar på HVL](#)

Studentar har i utgangspunktet ikkje høve til å hente inn datamateriale frå pasientar/klientar og pårørande. Om studenten hentar data frå informantar som ikkje fell inn under desse gruppene skal konfidensialitet og teieplikt sikrast, slik at kjeldene ikkje kan gjenkjennast.

Unntak frå desse prinsippa kan gjelde dersom studentar deltek i etablerte forskingsprosjekt saman med forskar ved høgskulen, eller andre forskingsinstitusjonar. I slike tilfelle må rettleiaren sikre at forskningsetiske omsyn er teke hand om. Studenten og prosjektleiaren må signere på ei eiga kontrakt. I kontrakten kan det gå fram at prosjektleiaren eig dataene og at studenten difor ikkje kan publisere deler av bacheloroppgåva.

Når det gjeld metodeval kan studentar gjerne delta i forskingsprosjekt ved HVL. Etter avtale med rettleiar kan studentar også gjere mindre, sjølvstendig empirisk forskning gjennom til dømes intervju eller spørjeskjemaundersøking, etter eit strengt fastsett reglement.

6. Innhald

Oppgåva kan ha følgjande struktur:

- Introduksjon:
 - gjere greie for bakgrunn, val av tematikk og relasjon til praksisfelt, teoretisk grunnlag, tidlegare forskning, samanheng på samfunnsnivå, lovverk
- Formål:
 - problemstilling og eventuell hypotese
- Metode:
 - korleis har du gått fram for å få svar på problemstillinga di, inkl. grunngjeving for val av metode
- Resultat
- Diskusjon
- Oppsummering og implikasjonar for praksisutøving

For meir informasjon sjå emneplanen for bacheloroppgåva.

7. Oppsett

For å sjå oppsett som bør nyttast for bacheloroppgåva, [sjå tekniske retningslinjer for oppgåveskriving](#).

Ulike malar for korleis framsida for bacheloroppgåva kan sjå ut, finn ein på [nettsida for heimeeksamen og oppgåveskriving](#).

Tittel på bacheloroppgåva skrivast både på bokmål/nynorsk og på engelsk.

Studentar må skrive inn tal ord på bacheloroppgåva før dei lastar oppgåva i [Wiseflow](#).

Tittelen på oppgåva kjem på vitnemålet, og studenten må sjølv registrere tittelen på oppgåva i [StudentWeb](#).

Når oppgåva skal leverast må eksamenskandidaten svare ja eller nei på spørsmålet om publisering. HVL publiserer bacheloroppgåver med karakter A og B.

Frist for innlevering av bacheloroppgåva

Frist for innlevering av bacheloroppgåva er som hovudregel 15. mai for studentar som avsluttar i vårsemesteret og 1. desember for studentar som avsluttar bachelorutdanninga i haustsemesteret. Om datoen for innleveringa fell på ein laurdag, sundag eller annan offentleg fridag, er fristen fyrste påfølgjande arbeidsdag. Nokre studieprogram har andre fristar og dette kjem fram i Studentweb. Om bacheloroppgåva ikkje blir levert innan fristen, utan at dette er avtalt og godkjent av fagseksjonen på førehand, vil oppgåva bli registrert som «ikkje møtt», jf. [Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#)

9. Sensur og eksamen

Sensor

Viser til [kap 13 Sensur og klage i forskrift om studium og eksamen](#)
Rettleiaren på bacheloroppgåva kan ikkje vere sensor.

Vurdering av bacheloroppgåva

Bacheloroppgåva blir vurdert ut frå det skriftlege arbeidet. Fastsetting av karakter skal være gjort av sensorane i fellesskap. Ved usemje mellom ekstern og intern sensor, avgjer ekstern sensor resultatet. Ved usemje på meir enn to karakterar, skal det oppnemnast ein tredje sensor jf. [§13-7 i forskrifta](#).

Instituttet skal sørge for at sensurfristen på 3 veker blir haldt.

Ikkje bestått bacheloroppgåve

Ved karakteren F (ikkje bestått), kan ei ny eller omarbeida oppgåve med vesentlege endringar leverast til sensur éin gong. Unntak kan gjerast dersom studenten skriv ny oppgåve med ny problemstilling. Ved innlevering av bacheloroppgåve for andre gong, kan rettleiinga til studenten bli avgrensa. Sjå §11-19 i [Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#).

10. Opphavsrett

Bacheloroppgåva er eigd av studenten sjølv og HVL. Rettleiarar eller andre kan difor ikkje påleggje studenten å gjere oppgåva tilgjengeleg i biblioteket, internett eller andre stader (i trykt eller elektronisk form) utan samtykke frå kandidaten og evt. oppdragsgjevar. Av same grunn kan heller ingen nekte kandidaten å gjere oppgåva tilgjengeleg. Denne retten er grunna ut i frå lova om opphavsrett av 12. mai 1961 nr.2 (åndverksloven).

Dersom oppgåva er gjort som eit oppdrag må oppgåva også bli gjort tilgjengeleg for oppdragsgjevar. Framgangsmåte og avtalevilkår for publisering av oppgåver på HVL Open, finn ein på nettsida [Publisering av oppgåver](#).

Oppbevaring - rettleiingsavtalen

Rettleiingsavtalen blir oppbevart hos rettleiar til klagefristen har gått ut.

11. Forbetre karakter ved bestått bacheloroppgåve

Følgande retningslinjer gjeld dersom ein student vel å forbetre sin karakter på allereie bestått bacheloroppgåve:

- Studenten må skrive ei ny oppgave med ny problemstilling.
- Studenten må sende skriftleg søknad som må innehalde ny prosjektplan/problemstilling og tidlegare bestått bacheloroppgåve.
- Frist for å søkje om å levere ei ny bacheloroppgåve er 1. januar.
- Fagseksjonsleiar evt emneansvarlig vurderer om studenten har utforma ei ny prosjektplan/problemstilling som ny, eller som så omarbeidd at ho kan reknast som ei ny oppgåve.
- Studenten får kun levere inn ny bacheloroppgåve dersom hen får innvilga søknaden.
- Oppgåva må studenten levere på nytt innan tida for [poststudierett](#) med mindre hen kan dokumentere forhold som sjukdom eller andre tvingande velferdsgrunnar som har forhindra dette.
- Rettleiingstimar blir normalt ikkje tildelt på nytt.
- Skriftleg søknad sender studenten til post@hvl.no.

Forskrift for studium og eksamen ved HVL opnar opp for moglegheita til å gjere unntak frå forskrifta Jmf : §11- 19. (3) Det er ikkje høve til å forbetre karakter på ei bestått bacheloroppgåve innanfor same studieprogram. Unntak kan gjerast dersom studenten skriv ny oppgåve med ny problemstilling.